



## EKSAMENSOPPGÅVE

### JUS3112 – Formuerett I Haust 2022

Dato: 19.12.2022

Tid: 09:00

---

Dronningparken fornøyelsespark AS («Dronningparken») eig og driv ein av dei største fornøyelsesparkane i landet. I 2017 besøkte rundt 400.000 menneske parken, og omsetnaden var på 100 millionar kroner. Besøktala hadde likevel gått svakt ned dei seinare åra, og selskapet sitt netto driftsoverskot nærma seg 0. Konkurrerande parkar hadde teke marknadsdelar. For å koma på offensiven, hadde Dronningparken innleia eit samarbeid med selskapet Fort og Gæli AS («Fort og Gæli»), som var spesialistar på konstruksjon og montering av attraksjonar i fornøyelsesparkar. Selskapa vart samde om at Fort og Gæli skulle omskape eit gammalt bygg i Dronningparken til ei «Norrøn verd», der dei besøkjande vart sette i store mjødfat og sende ut på ein virtuell, ellevill og fartsfylt tur ned elv og fossestryk gjennom den norrøne gudeverda. Opplevinga skulle hovudsakleg skapast ved virtuell 3D-teknologi, men i tillegg skulle det vera eit maskineri i mjødfata som fekk dei til å riste, og som skulle sprute vatn på publikum på dei rette stadene under «elveturen».

Dronningparken og Fort og Gæli skreiv under avtala om konstruksjon og installering av attraksjonen i april 2018. Prisen vart avtala til 20 millionar kroner. Anlegget – som fekk namnet «Suttungs mjød» - skulle vera ferdig til 10. april 2019, rett før sesongopninga. Fort og Gæli ville sjølve stå for produksjonen av mjødfata og skaffe andre fysiske installasjonar, medrekna datamaskiner ("maskinvarer"/«hardware») for anlegget, men selskapet engasjerte sin faste IT-partnar Streken AS («Streken») som underleverandør til å utarbeide 3D-animasjonane og datamaskinprogrammet som styrte «ristinga» og vassspruten. I avtala mellom Dronningparken og Fort og Gæli stod det mellom anna:

«Fort og Gæli fråskriv seg ansvar for indirekte tap».

Då Streken vart engasjert av Fort og Gæli, var dei innforståtte med at Dronningparken var sluttkunden. Tilsette i Dronningparken, Fort og Gæli og Streken samarbeidde tett under både planlegginga og oppføringa av attraksjonen. DFort og Gæli overleverte anlegget til Dronningparken den avtala leveringsdatoen, 10. april 2019.



Den nye attraksjonen fekk rosande omtale i lokalpressa og riksmidia. Besøkstalet i Dronningparken auka med over 10 % - til over 440.000 – i 2019-sesongen. Inntektene auka sjølvsagt òg, og driftsoverskotet vart på kr 10.000.000. Besøkstalet – og driftsoverskotet – heldt seg på tilsvarande nivå i 2020, trass i koronaepidemien.

Like etter at parken opna 15. april 2021, byrja anlegget i "Suttungs mjød" å fuske. Fleire dagar måtte det stengje for IT-teknisk utbetring. Dronningparken engasjerte ein IT-ekspert til å undersøkje. Han leverte rapporten sin 15. juni. Den konkluderte med at den kompliserte animasjonsprogramvara belasta IT-anlegget for mykje. Dersom ein ikkje fekk ny maskinvare snarast, ville anlegget måtte stengje ned. Den sakkunnige meinte at relativt enkle undersøkingar ville ha avdekt at ein trong kraftigare maskinvare for å køyre så komplekse animasjonsprogram, og dei tilsette både i Fort og Gæli og Streken burde ha gjort slike undersøkingar då dei planla attraksjonen.

Dronningparken kravde at Fort og Gæli såg til at anlegget vart utbetra. Fort og Gæli nekta for å ha noko ansvar for driftsavbrota, men svara at dei i samarbeid med Streken kunne få installert ny maskinvare og programmert ho, mot at Dronningparken betala det det kosta, kr. 800.000,-. Dronningparken avviste dette framlegget. Selskapet gjorde gjeldande at det då fekk engasjere nokon andre til å stå for utbetinga, og kravde kr. 800.000,- av Fort og Gæli for å dekkje desse utgiftene. Dronningparken kravde òg erstatning av di parken hadde vorte langt mindre attraktiv utan "Suttungs mjød". Det viste seg umogleg å finne kompetente folk som kunne setje anlegget i gang før i månadsskiftet juli/august, og etter Dronningparken sine utrekningar ville driftsoverskotet då bli minst kr 4.000.000,- lågare i 2021 enn om "Suttungs mjød" hadde vore i drift heile sesongen.

Det var mykje korrespondanse mellom partane og advokatane deira frå hausten 2021 og ut på nyåret 2022. Dronningparken tok ut søksmål mot Fort og Gæli og Streken 20. mai 2022, med krav om kr 4.800.000,- i erstatning (kr 800.000,- for utgifter til utbetring og kr 4.000.000,- for redusert driftsoverskot).

Fort og Gæli hevda prinsipalt at kravet mot selskapet var forelda. Subsidiært nekta Fort og Gæli for å ha levert ei mangelfull yting. Dersom det likevel skulle bli avgjort at Fort og Gæli hadde levert mangelfullt, innrømma selskapet at det hadde misleghalde utbetningsplikta si og hadde ansvar for utbetningsutgiftene, men ikkje for redusert driftsoverskot, som selskapet meinte fall inn under



ansvarsfråskrivninga i kontrakten. Vidare nekta Fort og Gæli for at det var årsakssamanheng mellom deira påståtte feil og tapet. Selskapet meinte at "Suttungs Mjød» hadde mista nyhendeinteresse etter to sesongar og ville ha trekt færre publikumarar til Dronningparken frå 2021. Dronningparken ville difor ha fått færre besøkjande i alle tilfelle. Tapet kunne i alle fall ikkje vera pårekneleg. Det var «ekstrem uflaks» at samanbrotet hadde skjedd midt i sesongen og på eit tidspunkt utbetringa ville ta ekstra lang tid, og det kunne ikkje Fort og Gæli måtte betala for.

Dronningparken nekta for at kravet mot Fort og Gæli var forelda. Parken meinte at selskapet ikkje hadde hatt tilstrekkeleg kunnskap til å gå til sak før rapporten frå den sakkunnige låg føre. Vidare heldt Dronningparken fast ved at Fort og Gæli hadde levert ei mangelfull yting. Når det gjaldt kravet om erstatning for redusert driftsoverskot, innrømma Dronningparken at dette fall inn under formuleringa "indirekte tap" i ansvarsfråskrivninga, men parken meinte at Fort og Gæli ved å nekte å oppfylle utbetningsplikta si i alle tilfelle ikkje var dekt av ansvarsfråskrivninga. Dronningparken heldt vidare fast ved at vilkåra om årsakssamanheng og adekvans var oppfylte.

Overfor Streken hevda Dronningparken at Streken hadde brote kontrakten sin overfor Fort og Gæli, og dette kravet måtte Dronningparken kunne gjera gjeldande mot Streken. Streken hadde brote opplysningsplikta si ved ikkje å opplyse om at maskinvara var ueigna for så komplekse 3D-animasjonar, hevda Dronningparken, som vidare peika på at ansvarsfråskrivninga ikkje gjaldt mellom Streken og Dronningparken.

Streken peika på at kontraktsrelasjonen deira var med Fort og Gæli, og ikkje med Dronningparken. Dei meinte Dronningparken ikkje hadde grunnlag for noko kontraktsrettsleg direktekrav mot Streken. Eit eventuelt kontraktsrettsleg direktekrav måtte under alle omstende vera avgrensa av ansvarsavgrensinga som Dronningparken og Fort og Gæli hadde avtala. Vidare subsidiært hevda Streken at sjølv om vilkåra for å gjera gjeldande krav mot selskapet skulle vera oppfylte, kunne deira ansvar ikkje vera sideordna solidarisk med Fort og Gæli sitt ansvar. Dronningparken måtte fyrst reise kravet sitt mot Fort og Gæli.

Partane var samde om at ingen av kontraktstilhøva fall inn under kjøpslova.

*Drøft og avgjer dei rettsspørsmåla - prinsipale så vel som subsidiære - som tvisten reiser*



\*\*\*

Oslo, høst 2022

Margrethe Buskerud Christoffersen  
Faglig eksamensleder